

MOTTATT

15 MAI 2017

Knarvik ungdomsskule

Referat frå FAU møtet torsdag 13.mai 2017

Til stades:

Olaf Michael Hella (Rektor), Veslemøy Høvig 10A (Nestleiar), Eli Storsæter 8D, Unni Nesbø 9A, Karianne Toppe Angelskår9B, Ann Kristin Legernes 9D, Ingerd Olstad 10D og Eirik Eknes 8A

Saker på agendaen

1. Avslutning for 10 klasse, 21.juni 2017

Oversikt over ansvarsfordeling ble delt ut. Rektor gjekk igjennom ansvarsfordeling mellom FAU, elever og rektor til avslutningsfesten i Norhordlandshallen 21.06.2017. Det blei diskutert ein del rundt mat. I 2016 hadde alle fått servert ein boks med kyllinglår, karbonade, salat og rundstykke. Det var kommet flere negative tilbakemeldingar på maten i 2016. Varmmåltid krever logistikk og tar lenger tid, og utgår av den grunn. Det vart einigheit om å servere snittar, men sjå på moglegheit for å ha nokon «enkle» snittar til kresne ungdommar. Inngangsprisen er 250 kroner per voksen (eleven gratis), og skal samles inn i klassane på forhand.

Festleiar må være en frå 9.trinn, Ann Kristin Legernes meldte seg frivillig. Ann Kristin får eit manus frå rektor. Foreldretalen har Veslemøy kontroll på. Innkjøp av blomster ordner rektor.

Det trengs 2 til å være med å servere og 3 til å være med å rydde kvar 9.klasse. Olaf sender ut informasjon til klassekontaktar for 9.klasse som dei kan ta vidare.

2. Kommunalt foreldreutval

Informasjon vart sendt ut på mail av Trine 22.04.2017. Kandidatar frå Knarvik Ungdomsskule må sendes til Dina Dyrhovden innan 01.juni 2017. Det var einigheit om at det burde være ein foreldre frå 8.klasse, då utvalet skal konstituerast innan 01.09.2017 og trer i kraft frå hausten. Dette formidlast blant klassekontaktar i 8.klasse, som må komme til einigheit og sende inn nominerte kandidatar.

3. Klasseturar

Dersom man vil arrangere turar utover det skulen tilbyr må det skje i skulen sin fritid. Skulen gjer ikkje fri til klassetur. Arrangement utanom skuletida må skje i regi av foreldre. Det må leggjast opp til aktivitetar der alle føler seg inkludert. Foreldre kan legge opp til dugnader for å samle in pengar til klassekassa, som kan brukast på turar og aktivitetar. Skulen arrangerer klassetur til Dyrkolbotn. Klassekontaktar varslar ned i klassene om dette, og informerer om at innsamling som klasse 8C gjer er til klassekassen. Det er ikkje blitt bestemt kva pengane i klassekassa skal brukast til.

4. Ordensreglar

Ordensreglane vart lest opp høgt, det var kun innspel til ein ordensregel

- All bruk av elektronisk utstyr som kan kommunisere, til dømes mobiltelefon, ipod, nettbrett, pc osv., er forbode på Knarvik ungdomsskule

Lærarane bruker elektronisk utstyr til tider i undervisninga sidan skulen ikkje har nok PC'er til alle, og då vert regelen uklar. Den teknologiske utviklinga går i retning av digitalisering, så å lære ungane å bruke digitale moglegheiter i undervisning er viktig.

FAU ser det som et problem at lærarane handterer bruk av mobiltelefon ulikt og praktiserer ulike tillatelser. FAU er einige om at mobilen ikkje skal fungere som et forstyrrande element. FAU er delt synet på bruk av virkemidlar, som f.eks mobilhotell.

Innstillinga til FAU er at lærarane må handheve reglar som er satt, og brudd på ordensreglar må gje anmerknader og varsel til foreldre og innverke på ordenskarakter når det er nødvendig.

FAU ønsker regelen endra til:

- All bruk av elektronisk utstyr som kan kommunisere, til dømes mobiltelefon, ipod, nettbrett, pc osv., er kun tillat til undervisning eller ved spesiell tillatelse frå lærer.

FAU ynskjer også eit felles sett med regler ved brudd av denne regelen, som handhevast likt av alle lærarane og at rektor har eit spesielt ansvar for å sjå til at denne handhevinga følges.

1. Gangs brudd. Mobilen vert inndradd for resten av dagen og kan hentast på kontoret ved skuledagens slutt.
2. Gangs brudd. Mobilen vert inndradd og foreldre må henta den på kontoret. (Eit visst skjønn dersom foreldre jobbar langt unna og ikkje rekk fram mens skulen er åpen. Då kan dei kanskje ringe skulen sånn at eleven kan ta den med seg)
3. Gangs brudd. Brev heim med varsel om nedsett ordens karakter.
4. Gang. Følge skulens disiplinære tiltak

Nullstilling ved årsslutt.

Referent

Sølvi Storsæter Bjørgum (Vara i 8B)